



## TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 10

Telefaks 53 43 70 11

Det kgl. kommunal- og regionaldepartementet  
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

UGGDAL, 28.01.08

| Saksnr.  | Dok.nr    | Arkivkode | Avd/Sek/Saksh    | Dykkar ref. |
|----------|-----------|-----------|------------------|-------------|
| 08/00052 | 000757/08 | 110       | FSK/FEL/ANTE/ådh |             |

### HØYRING - SØRHEIMSUTVALET - INNTEKSSYSTEMET FOR KOMMUNANE

Me viser til høyring om inntektssystemet til kommunane.

- ./.
- Tysnes kommune vil gje høyringsuttale slik det går fram av vedlagde kopi av møtebok frå formannskapet i sak F 5/08.

Med helsing  
Tysnes kommune

Andum Hovland  
rådmann

Anders Teigen  
Anders Teigen  
førstekonsulent/it-leiar

# MØTEBOK

## Tysnes kommune

Utval  
FORMANNSKAPET

Møtedato  
22.01.08

Arkivsak : 08/00052 A -  
Arkivkode: 110

Sakshandsamar: Anders Teigen

### Handsamingar:

Utval  
FORMANNSKAPET

Møtedato  
22.01.08

Saksnummer  
PS 0005/08

### INNTÆKTSSYSTEMET FOR KOMMUNANE - HØYRING

#### SAKSUTGREIING:

Kommunal- og regionaldepartementet har sendt Sørheimsutvalet sin rapport om "forslag til forbedring av overføringssystemet for kommunene" ut på høyring. Heile rapporten kan lesast på følgjande nettside:

<http://www.regjeringen.no/Upload/KRD/Vedlegg/KOMM/Rapporter/israpport.pdf>

Følgjande går fram av departementet sitt høyringsbrev:

*"Sørheimutvalget ble nedsatt i desember 2006. Utvalget leverte sin rapport Forslag til forbedring av overføringssystemet for kommunene den 26. oktober 2007.*

*Utvalgets rapport sendes herved ut på høring. Vi ber om at KS samordner høringsuttalelsene fra enkeltkommuner. Kommuner som ønsker å komme med egne høringsuttalelser i forbindelse med utvalgets rapport er velkomne til å gjøre det.*

Utvalgets mandat har omhandlet en vurdering av

- skattens andel av kommunenes inntekter
- nivå på og utforming av inntektsutjevningen
- selskapsskatten som kommunal skatt
- regionalpolitisk begrunnede tilskudd innenfor inntektssystemet
- behovet for egne tilskudd til vekst- og fraflyttingskommuner

- *størrelsen på skjønnsrammen innenfor inntektssystemet*
- *ordningen med oppdatering av befolkningstall i utgiftsutjevningen*
- *behovet for overgangsordninger i inntektssystemet*

*Vi ber om at det gis merknader på enkeltpunkt, i tillegg til eventuelle generelle merknader. Utvalgets rapport er tilgjengelig i elektronisk form og kan lastes ned fra Kommunal- og regionaldepartementets hjemmeside. Den trykte utgaven vil bli sendt ut til alle høringsinstanser og vil være mottaker i hende i løpet av uke 44.*

*Offentlige institusjoner kan bestille flere eksemplarer fra Departementenes servicesenter, Kopi og distribusjonsservice: publikasjonsbestilling@dss.dep.no. Høringsfrist er mandag 28. januar 2008.*

*Dersom andre enn de som står på høringslisten ønsker å uttale seg har de anledning til det innenfor gjeldende frist."*

Kommunesektoren bør generelt tilførast meir midlar.

Når det gjeld rammetilskot og skatt, så bør ikkje skatten utgjera ein større del samanlikna med rammetilskotet. Dette ut frå at me då får ein dårlegare situasjon for mindreinntektskommunane som t.d. Tysnes.

Det bør vera sterkare utjamning av skatteinntektene.

Det bør vera distriktspolitisk tilskot til fleire kommunar, utan at småkommunane får reduksjon.

Selskapsskatten som kommunal skatt bør avviklast.

Skjønstilskotet er med på å jamna ut utilsikta skeivdeling mellom kommunar, og bør ikkje reduserast.

Når det gjeld bruken av folketal som ein tildelingsnøkkel, så er noverande måte å nytta dette på forelda. No vert folkeregisteret sine tal over fastbuande i kommunen nytta for fastsetjing av storleiken på deler av rammetilskotet til kommunen. Tanken frå gammalt av har vore at folketalet seier noko om kor mykje tenester kommunen yter til innbyggjarane.

Folketalet som tildelingskriterium verkar både fornuftig og naturleg dersom alle som mottak tenester av kommunen er registrert. Problemet er at i mange kommunar så er dei aller fleste tenestemottakarar registrert i folketalet, medan i nokre kommunar så er mange tenestemottakarar ikkje registrert. Dette problemet oppstår i kommunar der det er stort tal hytteeigedomar i høve til talet på fastbuande. Her får kommunen tilskot som er dimensjonert for tenesteyting til det registrerte folketalet – fastbuande, medan det reelle folketalet som får tenester er mykje høgare ettersom dette også inkluderer hyttefolket.

Her bør staten modernisera tildelingsmetoden slik at alle kommunar kunne få tildeling etter eit reelt folketal, og ikkje som no der nokre får tildeling etter eit teoretisk folketal medan andre får tildeling etter det reelle folketalet.

Ein måte kan vera å ta utgangspunkt i registrert tal på fritidseigedomar og multiplisera dette med talet på personar i ein gjennomsnittsfamilie, og så dela dette på 12 for å få heilårseffekten av at ein hyttefamilie i gjennomsnitt nyttar fritidsbustaden 1 månad i året. Då ville ein få eit omtrentleg hyttefolketal som kunna summerast med det registrerte folketalet, slik at kommunen kunne få tildeling av statlege midlar som samsvara betre med det reelle folketal som skal ystast tenester til. I ein stor hyttekommune som Tysnes, merkast det godt for den kommunale tenesteytinga når folketalet i feriar vert både to- og tredobla, grunna mange hytteeigedomar.

Slik det fungerer med noverande ordning, vert tala misvisande i høve den reelle tenesteyting me står overfor. Tysnes kommune får dermed for lite midlar frå staten samanlikna med kommunar med få hytter.

### **VEDTAK I FORMANNSKAPET 22.01.08:**

Formannskapet er samd i ovanstående premisser.

Formannskapet ønskjer å gje følgjande presiseringar:

Inntektssystemet må innehalda ei sterkare utjamning av skatteinntektene enn det innstillinga legg opp til. Dersom ein skal ha som mål at skatteinntektene skal utgjera ca. 50 % av inntektene, vil dette få store utslag mellom kommunane. Me er derfor samde med Sp og V i utvalet som ønskjer ei sterkare utjamning. Større utjamning av skatteinntektene er viktig fordi høg skatteandel kombinert med lite utjamning vil skapa auka skilnad mellom kommunar i vekstområde og andre kommunar.

Formannskapet er samd i at kommunar innanfor det distriktpolitiske verkeområdet med 3000 - 10.000 innbyggjarar får distriktpolitisk tilskot. Det er likevel heilt urimeleg at reduksjonar i tilskotet til kommunar i same området med under 3000 innbyggjarar i stor grad skal finansiera tiltaket. Det er derfor eit absolutt krav at det distriktpolitiske tilskotet må aukast.

Eitkvart inntektssystem vil få nokre uheldige utslag som kan bøtast på fram til ein har fått eit system der kommunane får tilnærma dei same føresetnadene til å gje likeverdige velferdstilbod og høve til å driva samfunnsutvikling. - Skjønssramma bør såleis ikkje reduserast i første omgang, men behaldast for å møte desse utfordringane.

Formannskapet er vidare samd i at fråflyttingskommunar må få eit tilskot for å oppretthalda tenestenivået. Sjølv om folketalet går ned, vil kommunane ha dei same utgiftene til skule og eldreomsorg over lengre tid.

Dersom selskapsskatten skal behaldast, må dette vera ein regional skatt.

Det er på høg tid at innslagsdatoen vert flytta frå 1. januar i budsjettåret til 1. juli året før. Særleg fråflyttingskommunar har hatt vanskar med tilpassing av budsjettet når ein ca. 1. mars i budsjettåret får melding om negative økonomiske verknader av folketalet.

For store hyttekommunar som Tysnes bør dei vinklingane som er nemnde i premissane her verkeleg takast på alvor. Me har nær på like mange fritidseigedomar som fastbuande eigedomar. I sommarmånadene aukar folketalet på det meste opp mot ca. 9.000 - altså godt og vel ei tredobling av det faste folketalet. - Hytteeigarane på Tysnes bur primært i Bergensregionen, noko som gjer det enkelt å dra på hytta - kort reisetid. Gjennom utbygginga av fibernettverket her i kommunen, har mange fritidshus lete seg kopla opp. Dette gjer at mange av eigarane er på hytta store delar av året. Dei kan no ha eit godt fungerande heimekontor her.